



Arkivnr: 2014/1636-8

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		18.08.2015
Samferdselsutvalet		19.08.2015
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitèen og fordeling av kr. 500.000 til prosjekt sykkel og folkehelse/sykkelvanar

Samandrag

25. september 2014 vart Norges Cykleforbund tildelt Sykkel VM 2017 med Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Øygarden, Askøy, Fjell og Sund som med-arrangørar. Arrangementet skal gjennomførast i Bergen og Bergensregionen i perioden 16.-24. september 2017. Det skal gjennomførast 12 konkurransar, fleire store publikumsarrangement og eit omfattande folkefestprogram.

Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement, og er truleg det største sommaridrettsarrangementet Noreg kan vere vertskap for. Meisterskapet samlar deltakarar frå alle verdsdelar med over 70 deltakande nasjonar, og har stor mediemerksemd med meir enn 300 millionar TV-sjåarar.

Det overordna målet med Sykkel VM 2017 er å gjennomføre eit godt meisterskap og skape entusiasme og stoltheit i befolkninga, styrke reiselivssatsinga og ikkje minst auke bruken av sykkel til rekreasjon, trening og transport.

Første kvartal i 2015 vart Bergen 2017 AS etablert. Norges Cykleforbund eig selskapet som har ansvar for den vidare planlegginga og gjennomføringa av Sykkel VM 2017. Det er utarbeidd eit forslag til ein 12-punkts avtale med føremål å regulere fordelinga av rettar og plikter som ligg til Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017. Liknande avtalar er/vert inngått med kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden og Sund.

Punkt 7 i avtalen omhandlar finansielle forhold knytt til arrangementet. Hordaland fylkeskommune skal støtte Bergen 2017 AS med kr 15 mill. jf. vedtak i fylkestinget 11. juni 2013 (saksnr. 201303800-1). Desse midlane skal gå til å støtte arrangementet med m.a. utvikling og marknadsføring, tilrettelegging for kollektivtransport og støtte til folkehelseiltak. Kulturdepartementet har løyvd kr 30 mill. til arrangementet (brev av 17.12.13) som m.a. skal dekke meisterskapet sitt behov for midlertidige veg-, sikkerheits- og kollektiviltak. Følgjande periodisering av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag er såleis føreslege: kr 5 mill. forfell til betaling 1. september 2015 og kr 1,5 mill. forfell til betaling 1. februar 2016. Resterande kontantvederlag vert betalt Bergen 2017 AS etter overføring av Hordaland fylkeskommune sin del av Kulturdepartementet si tildeling knytt til tilrettelegging for kollektivtransport. Dette heng saman med punkt 4 i kontrakten der fylkeskommunen sine oppgåver er konkretisert. Hordaland fylkeskommune sin del av usikkerheitsavsetjinga er skildra i fylkestinget sitt vedtak av 11. juni 2013 og utgjer kr 5.2 mill. Denne er ikkje finansiert no, og det skal leggjast fram sak til fylkestinget for handsaming før denne kan løysast ut.

Punkt 6 i avtalen omhandler organisering av arrangementet. Her er etablering av ein hovudkomité for Sykkel VM 2017 forankra. Hordaland fylkeskommune er, i brev frå Bergen kommune av 12. mai 2015, invitert til å delta i hovudkomiteen med fylkesordførar og administrative ressursar. Hovudkomiteen skal bidra til å sikre at Sykkel VM 2017 blir ein stor internasjonal idretts- og folkefest, og skal vere eit særskilt viktig rådgjevande organ for Bergen 2017 AS. Hovudkomiteen er breitt samansett med representantar frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, øvrige arrangementskommunar, sentrale offentlege myndigheiter, næringsliv, idrett og andre aktuelle samarbeidspartnarar. Det kan også bli aktuelt for Hordaland fylkeskommune å delta i andre komitear og arbeidsutval som Bergen 2017 AS vil opprette i den vidare planlegging og gjennomføring av arrangementet.

Fylkestinget i desember 2014 avsette kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/ sykkelvanar. Arbeidet med å auke bruken av sykkel til framkomstmiddel, trening og rekreasjon er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-2025, Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Regional kulturplan 2015-2025. Bruken av desse midlane sett i samanheng med andre fylkeskommunale, kommunale, statlege og private verkemiddel. Målet er at tiltaka skal kunne leve vidare også etter sykkel VM i 2017.

Pilotprosjektet «Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av Bergen 2017 AS. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Gjennom Kunnskapsløftet vert det stilt krav til skulen om teoretisk og praktisk opplæring om sykling. «Alle barn sykler» har vore utprøvd gjennom fleire år i andre delar av landet og kan vise til gode resultat når det gjeld tal på barn som nyttar sykkel som transportmiddel. Hausten 2015 vil 700 barn på utvalde skular i kommunane Bergen, Øygarden, Fjell, Askøy og Sund delta. Frå 2016 vil fleire skular frå tilbod om å delta. Omfanget er avhengig av tilgjengelege ressursar. Bergen 2017 AS søker Hordaland fylkeskommune i brev av 2. juli om ei støtte på kr 100.000 for hausten 2015 (eitt skulehalvår - totalbudsjett kr 605.000), og kr 200.000 for 2016 og 2017 (2 skulehalvår - totalbudsjett kr 1.150.000). I tillegg bidreg kommunane, private aktørar og Norges Cykleforbund med finansiering.

I Regional plan for folkehelse 2014-2025 er det eit mål om å utvikle ein helsefremjande skule for alle i Hordaland. Føremålet er å auke kunnskap om, og etablere eit bevisst forhold til samanhengen mellom helse og læring. Arbeidet med å auka kvardagssyklinga vert sett i samanheng med andre helsefremjande tiltak i den vidaregåande skulen. Sterk grad av medverknad frå elevane skal liggje til grunn for arbeidet. Erfaringane frå dei fire pilotskulane Knarvik vidaregåande skule, Sandsli vidaregåande skole, Fitjar vidaregåande skule og Voss gymnas skal gje nyttig kunnskap til dei andre vidaregåande skulane i Hordaland.

Mobile sykkelparkeringsstativ kan stimulere til å inkludere sykkelaktivitet i eksisterande kultur- og idrettsarrangement i Bergen og Hordaland for øvrig. Oslo kommune har 1000 parkeringsplassar som dei har gode erfaringar med å låne gratis ut til arrangement. Kostnaden for 80 stativ som gir 480.000 plassar er kr 240.000. Dette er forslått finansiert med kr 100.000 frå Hordaland fylkeskommune og kr 140.000 frå Bergen kommune. I tillegg dekker Bergen kommune kostnad til frakt og kr 25.000 til årleg drift og lagerhold. Arrangørar i andre kommunar kan låne stativa gratis, men må ordne transport og opp og nedrigging på eiga hand. Bergen kommune skal ev. stå for innkjøp og drift av dei mobile sykkelstativa.

Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.								
2.	Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomièen for sykkel VM 2017.								
3.	Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik: <table data-bbox="316 477 1412 604"> <tr> <td>Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland</td> <td>kr 200.000</td> </tr> <tr> <td>Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000</td> <td>kr 200.000</td> </tr> <tr> <td>Mobil sykkelparkering</td> <td>kr 100.000</td> </tr> <tr> <td>Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00</td> <td></td> </tr> </table>	Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland	kr 200.000	Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000	kr 200.000	Mobil sykkelparkering	kr 100.000	Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00	
Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland	kr 200.000								
Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000	kr 200.000								
Mobil sykkelparkering	kr 100.000								
Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00									

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.08.2015

Bakgrunn

25. september 2014 vart Norges Cykleforbund tildelt Sykkel VM 2017 med Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Øygarden, Askøy, Fjell og Sund som med- arrangørar. Arrangementet skal gjennomførast i Bergen og Bergensregionen i perioden 16.-24. september 2017. Det skal gjennomførast 12 konkurransar, fleire store publikumsarrangement og eit omfattande folkefestprogram.

Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement, og er truleg det største sommaridrettsarrangementet som Norge kan vere vertskap for. Meisterskapet samlar deltakarar frå alle verdsdelar med over 70 deltakande nasjonar, og har stor mediemerkeemd med meir enn 300 millionar TV-sjåarar.

Det overordna målet med Sykkel VM 2017 er å gjennomføre eit godt meisterskap og gjennom det skape entusiasme og stoltheit i befolkninga, styrke reiselivssatsinga og ikkje minst auke bruken av sykkel til rekreasjon, trening og transport.

Første kvartal i 2015 vart Bergen 2017 AS etablert. Norges Cykleforbund eig selskapet som har ansvar for den vidare planlegginga og gjennomføringa av Sykkel VM 2017.

Avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune

Det er utarbeida eit forslag til ein 12 punktts avtale med føremål å regulere fordelinga av rettar og plikter som ligg til Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017. Liknande avtalar er inngått med kommunane Bergen, Askøy, Fjell og Øygarden, og avtalen med Sund kommune vil bli signert tidleg i haust.

Punkt 7 i avtalen omhandlar finansielle forhold knytt til arrangementet. Fylkestinget 11. juni 2013 løyvde kr 15 mill. til arrangementet i samsvar med saksutgreiinga (20130800-1). Summen vart sett av på disposisjonsfond i samband med avsluttinga av rekneskapen for 2012. I saka står det at fylkeskommunen sitt bidrag omhandlar;

- direkte arrangementsstøtte
- tilretteleggingskostnader for kollektivtransport
- støtte til folkehelseiltak.

I desember 2013 løyvde Kulturdepartementet kr 30 mill. til arrangementet (brev av 17.12.13). Midlane skal dekke;

- meisterskapet sitt behov for midlertidige veg-, sikkerheits- og kollektiviltak
- politiet sine meirkostnader i samband med stenging og regulering av løypetraseen under gjennomføring av ritta
- tilskot til eit frivillighetsprogram.

Søknaden om tilskot til folkehelse- og marknadsføringstiltak vart ikkje imøtekome.

Kulturdepartementet finansierer såleis kollektiviltaka. Fylkesrådmannen foreslår at tilskotet frå fylkeskommunen på kr 15 mill. vert oppretthaldt, og at følgjande føringar vert lagt for periodiseringa av utbetaling av støtta til Bergen 2017 AS:

- kr 5 mill. forfell til betaling 1. september 2015
- kr 1,5 mill. forfell til betaling 1. februar 2016
- resterande kontantvederlag vert betalt Bergen 2017 AS etter overføring av Hordaland fylkeskommune sin del av Kulturdepartementet si tildeling knytt til tilrettelegging for kollektivtransport. Dette heng saman med punkt 4 i kontrakten der fylkeskommunen sine oppgaver er skissert.

Hordaland fylkeskommune sin del av usikkerheitsavsetninga er skildra i fylkestinget sitt vedtak av 11. juni 2013 og utgjør kr 5.2 mill. Denne er ikkje finansiert no, og det skal leggjast fram sak til fylkestinget for handsaming før denne kan løysast ut.

Hordaland fylkeskommune si deltaking i hovudkomiteen for sykkel VM 2017

Punkt 6 i avtalen omhandlar organisering av arrangementet. Her er etablering av ein hovudkomité for Sykkel VM 2017 forankra. Hordaland fylkeskommune er i brev av 12. mai 2015 frå Bergen kommune invitert

til å delta i hovudkomiteen. Hovudkomiteen skal bidra til å sikre at Sykkel VM 2017 blir ein stor internasjonal idretts- og folkefest, og skal vere eit sær s viktig rådgjevande organ for Bergen 2017 AS. I tillegg skal komiteen både i felleskap og som enkeltpersonar, fungere som eit nettverk og kontaktpunkt for Bergen 2017 AS ovanfor heile bysamfunnet og regionen, og bidra til at alle nødvendige samarbeidspartnare av praktisk og finansiell art fungerer som gode medhjelparar for prosjektet.

Hovudkomiteen er breitt samansett med representantar frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, øvrige arrangementskommunar, sentrale offentlege myndigheiter, næringsliv, idrett og andre aktuelle samarbeidspartnaran. Det er gjennomført eitt møte i hovudkomiteen den 3. juni 2015. Den skal ha møter etter behov, få saker til uttale og få ei generell orientering om drifta. I tillegg til fylkesordførar er Hordaland fylkeskommune førespurd om å delta med følgjande administrative ressursar; fylkesrådmann, fylkesdirektør kultur og idrett, fylkesdirektør samferdsel, fylkesidrettssjef og direktør for Skyss.

Det kan også bli aktuelt for Hordaland fylkeskommune å delta i andre komitear og arbeidsutval som Bergen 2017 AS vil opprette i den vidare planlegging og gjennomføring av arrangementet.

Prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykelvanar

Fylkestinget i desember 2014 avsette kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykelvanar. «Bergen og Hordaland er tildelt Sykkel-VM 2017. Samtidig viser tallene fra reisevaneundersøkelsen at sykkelandelen har gått noe ned. Sykkel-VM bør brukes som inspirasjon for å øke sykkelandelen, men også som folkehelseiltak. Det blir satt av 500.000 til prosjekt med mål om å øke sykkelandelen i tråd med målsetningen i Regional Transportplan. Prosjektet skal også ha et folkehelseperspektiv. Fylkesutvalget ber om en sak i første kvartal 2015 der prosjektet blir konkretisert.» (75/14 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018)

På grunn av manglande informasjon har det ikkje lete seg gjere å kome med ei samla sak knytt til sykkel VM 2017 før no. Arbeidet med å auke bruken av sykkel til framkomstmiddel, trening og rekreasjon er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-2025, Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Regional kulturplan 2015-2025. Fylkesrådmannen har utarbeidd framlegget til korleis midlane skal nyttast gjennom tverrsektoriell samhandling i fylkeskommunen. I tillegg har fylkesrådmannen teke initiativ til å etablere «samhandlingsmøte om Sykkel VM 2017 og sykkel VM kvar dag» med eit breitt samansett nettverk av ulike offentlege og frivillige aktørar. Målet er å dele av informasjon og koordinere tiltak mellom ulike aktørar som arbeider for å auke sykkelbruken i Hordaland. Prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykelvanar er såleis sett i samanheng med andre fylkeskommunale, kommunale, statlege og private verkemiddel. Målet er at tiltaka skal kunne leve vidare også etter sykkel VM i 2017.

Pilotprosjektet «Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av Bergen 2017 AS. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. På dei utvalde klassane/skulane skal:

1. alle kunne sykle (prosjektet skal fange opp dei som ikkje kan sykle)
2. alle bli inkludert (prosjektet tilbyr sykklar til barn med nedsett funksjonsevne)
3. alle ha tilgang til eigen sykkel (prosjektet tilbyr lånesykkel til dei som ikkje har eigen sykkel)

Gjennom Kunnskapsløftet vert det stilt krav til skulen om teoretisk og praktisk opplæring om sykling. Trygg Trafikk tilbyr ikkje lengre praktisk opplæring til skuleborn, men er ein viktig samarbeidspartnar i høve til m.a. opplæringsmateriell. Dei lokale sykleklubbane er ein annan viktig samarbeidspart i gjennomføringa av prosjektet med sin kunnskap og erfaring med å lære barn å bli trygg på sykkel og gje dei auka mestringskjensle. «Alle barn sykler» har vore utprøvd gjennom fleire år i andre delar av landet og kan vise til gode resultat når det gjeld tal barn som nyttar sykkel som transportmiddel. Programmet vert gjennomført 4 gonger å 2,5 t pr. gong med teori og praksisdal, sykkelkontroll og sykkelprøve. Hausten 2015 vil 700 barn på utvalde skular i kommunane Bergen, Øygarden, Fjell, Askøy og Sund delta. Frå 2016 vil fleire skular frå tilbod om å delta. Omfanget er avhengig av tilgjengelege ressursar. Målet til Bergen 2017 er å få «alle barn sykler» som eit permanent tilbod til skulebarn i Hordaland. Prosjektet legg opp til ei følgje-evaluering. Hordaland fylkeskommune vert invitert til å delta i ei referansegruppe og ei prosjektgruppe med representantar frå sentrale samarbeidspartnaran. Bergen 2017 AS søker Hordaland fylkeskommune i brev av 2. juli om ei støtte på kr 100.000 for hausten 2015 (eitt skulehalvår - totalbudsjett kr 605.000), og kr 200.000 for 2016 og 2017 (2 skulehalvår - totalbudsjett kr 1.150.000). Det er og søkt Fylkestrafikksikringsrådet om kr 80.000 om støtte til prosjektet for 2015. I tillegg bidreg kommunane, private

aktører og Norges Cykleforbund med finansiering. Fylkesrådmannen meiner «Alle barn sykler» kan bidra til å nå mål i fleire regionale planar (folkehelse, klima og kultur), i den nasjonale sykkelstrateginga og Bergensprogrammet, og tilrår at Bergen 2017 AS får tildelt kr 200.000 for skuleåret 2015/16.

I Regional plan for folkehelse 2014-2025 er det eit mål om å utvikle ein **helsefremjande skule** for alle i Hordaland. Ein helsefremjande skule er ein skule som arbeider for å oppnå betre helse, auka trivsel og læring, skaper gode undervisnings- og læringstilhøve og stimulerer elevane til ein gunstig livsstil når det gjeld eiga helse. Føremålet med den helsefremjande skulen er å auka kunnskap om, og etablere eit bevisst forhold til samanhengen mellom helse og læring. Etter det fylkesrådmannen kjenner til finst det ingen utprøvd modell for auka sykkelbruk i vidaregåande skule i Norge. Såleis vert dette ein pilot som kan gje nyttig kunnskap til dei andre vidaregåande skulane i Hordaland og til andre delar av landet, der målet om auka kvardagssykling både hjå elevar og tilsette vert sett i samanheng med andre helsefremjande tiltak. Sterk grad av medverknad frå elevane skal liggje til grunn for arbeidet. Følgjande tiltak for auka sykkelbruk er føreslege:

- Tilrettelegging for auka sykkelaktivitet til/frå skulen.
- Haldningsendring for både elevar og tilsette.
- Sykkelaktivitet som tiltak i arbeidet med auka gjennomføring.
- Skape elevdeltaking – gjennom filmprosjekt for elevar på utdanningsprogramma medium og kommunikasjon, og studiespesialisering med formgjevingsfag. Dei skal produsere motivasjonsfilmar om kvifor auka aktivitet er avgjerande for elevane sitt læringsresultat. Desse filmene skal nyttast både i pilotperioden, men òg i det vidare arbeidet med helsefremjande aktivitet i skulen.
- Bruke sykkel som middel/motivasjon for auka deltaking/ aktivitet i kroppsøvningsfaget.

Fylkesrådmannen foreslår at kvar av dei fire pilotskulane Knarvik vidaregåande skule, Sandsli vidaregåande skule, Fitjar vidaregåande skule og Voss gymnas får tildelt kr 50.000 for skuleåret 2015/16 til å utvikle sin modell for «sykkel VM kvar dag», totalt kr 200.000 til Helsefremjande skular.

Gjennom «samhandlingsmøte om Sykkel VM 2017 og sykkel VM kvar dag» har fylkesrådmannen fått klare signal om at dei involverte aktørane ønskjer å inkludere sykkelaktivitet i eksisterande kulturarrangement framfor å skape mange nye tiltak. Dette sikrar berekraft i høve til tilgjengelege ressursar. Eit felles tiltak kan vere **mobile sykkelstativ** til bruk under arrangementa i Bergen og Hordaland for øvrig. Oslo kommune har 1000 plassar som dei har gode erfaringar med å låne gratis ut til arrangement. Kvart stativ har 6 parkeringsplassar og kostar kr 2.400 pr. stykk + mva. 80 stativ gir 480.000 plassar og kostar kr 240.000. Dette er forslått finansiert med kr 100.000 frå Hordaland fylkeskommune og kr 140.000 frå Bergen kommune. I tillegg dekker Bergen kommune kostnad til frakt og kr 25.000 til årleg drift og lagerhold. Sykkelbyen Bergen-prosjektet har vore i dialog med Trafikketaten som kan drifte ei ordning der ein kan bestille bruk av desse stativa. Til arrangement i Bergen kommune vil Sykkelbyen Bergen-prosjektet betale for transport, opp- og nedrigging og lagerhald hjå t.d. Bydrift (skal avtalast nærmare om tiltaket vert realisert). Arrangørar i andre kommunar kan låne stativa gratis, men må ordne transport og opp- og nedrigging på eiga hand. (Stipulert 350 parkeringsplassar går inn i varebil på 15m³. Det tek omlag 1 time for ein person å rigge 500 plassar.)

Fylkesrådmannen tilrår å løyve kr 100.000 til innkjøp av mobile sykkelstativ til bruk på ulike idretts- og kulturarrangement i ulike delar av fylket. Midlane vert overført til Bergen kommune som står for innkjøp og drift av stativa.